

Årsrapport Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde 2025



Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen og Sunnfjord.

Styret

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2023, vart det oppnemnt nytt verneområdestyre på nyåret 2024. Styret er samansett av representantar frå Gloppen kommune, Sunnfjord kommune og Vestland fylkeskommune

Verneområdestyret for perioden 2024-2027:

Verv	Namn	Representerer	Vararepresentant
Leiar	Karoline Bjerkeset	Gloppen kommune	Tord Hafnor
Nestleiar	Erlend Haugen Herstad	Sunnfjord kommune	Kari Valle
Medlem	Tommy Sævareid	Vestland fylkeskommune	Rita Navarsete

Verneområdestyret har hatt tre styremøte i 2025.

- Styremøte 4.mars på Sandane
- Styremøte 22.september på Longevasshytta, kombinert med tur/synfaring
- Styremøte 17.november i Førde

Styret har handsama til saman 22 styresaker og tre referatsaker i desse møta.

Styret består av ei blanding av politikarar som har erfaring med denne typen verv, og politikarar som er meir ferske i dette faget. Det er ein god blanding av nyttig kompetanse og styret samarbeidet særst godt.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2024 har verneområdeforvaltaren handsama fire saker med delegert mynde.

2. Saker

Saksmengda i Naustdal-Gjengedal er moderat og stabil. Dei fleste sakene er kurante og ganske enkle. Vi har etablert ein god og ryddig forvaltningspraksis gjennom fleire år. Dei aller fleste sakene er enten fleirårige løyver til naturlege behov for transport, eller kurante enkeltsaker som kan handterast med delegert mynde. Inn i mellom har vi bygge- eller inngrepssaker som krev litt meir.

Motorferdsel

Hovudtyngda av søknadssakene handlar om motorferdsel. Stort sett gjeld det transport til hytter og støylar, eller i samband med beitebruk.

- Gjengedalsmarkja beitelag fekk fornøya fleirårig løyve til snøskutertransport av saltstein.
- Øvre Naustdal Utmarkslag fekk fornøya fleirårig løyve til snøskutertransport til hytter og stølar.
- Mastiff søkte om løyve til helikopterlandingar og bruk av drone i samband med tv-produksjon. Dei fekk løyve til dronebruk, men ikkje løyve til bruk av helikopter. Verksemda valde då å endre planane og legge produksjonen utanfor verna område.
- Torstein Holsen i Naustdal fekk løyve til å transportere saltstein med snøskuter til Svartepøyla inst i Naustedalen.
- Øyvind Årebrot fekk løyve til å bruke båt med motor på Langedalsvatnet i samband med transport til hytte.
- Jan Tore Fossheim fekk løyve til å bruke flåte med motor i Traudalen i samband med byggearbeid på hytte og naust.
- Bygdeservice fekk løyve til å både køyring på buføringsveg, og å bruke helikopter, i samband med arbeid på to buføringsveg.

Byggesaker

Einar Nystad fekk løyve til å bygge naust i naustområdet i Traudalen. Området har eigen reguleringsplan med føringar for korleis nausta skal sjå ut.

Administrative saker

Styret har handsama dei faste og årlege sakene som gjeld søknad om tiltaksmidlar og driftsmidlar, og bruk av desse. Styret har og handsama nokre mindre høyringsfråsegner.

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen vart revidert og sendt til godkjenning mot slutten av 2024. I 2025 har den ligge til godkjenning hjå Miljødirektoratet. Vi har fått nokre tilbakemeldingar, men ikkje fagleg godkjenning enno.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsoversikt.

2025	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader	Budsjett	Kostnader
Drift styre + grunnstøtte	325 000	244 621	145 000	142 906	180 000	101 715
Planmidlar	0	162 200	0	162 200	0	0
Tiltaksmidlar	1 050 000	926 650	800 000	766 270	250 000	160 380
Tot	1 375 000	1 333 471	945 000	1 071 376	430 000	262 095

Drifta av styret gjekk noko over budsjett, der fekk vi tildelt 95.000 og brukte om lag 100.000. Men so brukte vi ikkje opp heile summen på grunnstøtte (tildelt 50.000), slik at overforbruktet på styredrift vart dekkja inn der, og vi kom totalt sett innanfor tildelt budsjett.

Vi søkte om midlar til å få laga skjøtselsplan for Myklandsdalen i Gloppen, men det fekk vi ikkje i tildelinga i februar. Mot slutten av året klarte vi likevel å samle restmidlar frå både oss sjølv og andre nasjonalpark- og verneområdestyre i Vestland, slik at vi kunne bestille dette arbeidet i 2025 likevel. Vi har betalt $\frac{3}{4}$ av kostnaden med årets midlar.

Naustdal-Gjengedal fekk tildelt 800.000 i tiltaksmidlar. Av desse vart 766.270 kr brukt. Meir detaljar om tiltak og tiltaksmidlar kan du lese i neste kapittel.

4. Tiltak / bruk av midlar

Generelt:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre søkte om 860.000 i tiltaksmidler for 2025, fordelt på 17 tiltak. Alle tiltaka vart godkjent av Miljødirektoratet og styret fekk 800.000 til fordeling på tiltaka. Tiltaksmidlane vart brukt på 13 tiltak og fordelt slik:

Tiltak	Forbruk
Skjøtsel Ryggjastøylen	50.000
Skjøtsel Arnestadstøylen	40.495
Skjøtsel Fitjestøylen	50.000
Skjøtsel Gimmedstøylen	50.000
Skjøtsel Nesstøylen/Kandalstøylen	41.175
Buføringsveg i Traudalen	15.966
Buføringsveg i Breidalen	78.320
Bru ved Svostølen	36.450
Vedlikehald av Kloppar	138.557
Merking av sti	30.000
Fjerning av gran	54.800
Utedo ved Nesstøylen/Kandalsstøylen	95.505
Nibberåsa i Traudalen	85.000
Totalt	766.268

Skjøtsel:

Det vert arbeida godt med skjøtsel i Naustdal-Gjengedal LVO og randsona rundt.

Verneområdeforvaltninga hadde i 2025 skjøtselsavtale med fem grunneigarlag om skjøtsel på og rundt støyler. Alle jobba med skjøtsel i tråd med avtalen, sjølv om ikkje alle jobba for heile ramma dei var tildelt. Eit par grunneigarlag var aktuelle og det vart søkt om midlar til dei. Men dei gjekk ikkje i gang med arbeid i år, og midlane vart omdisponert til andre tiltak.

Det har og vore brukt noko ressursar til fjerning av gran. Ein del av arbeidet vart utført i 2025, men vart betalt i 2024 med tiltaksmidlane då. Vi har og gjort bestilling av arbeid no i 2025 og betalt det med årets midlar, som truleg ikkje vert utført før i 2026. Slik er det ofte med denne typen arbeid. Både fordi arbeidet kan gjerast om vinteren, men og fordi fjerning av gran ofte vert brukt som «salderingspost» i tiltaksbudsjettet.

Totalt er 37 % av årets tiltaksmidler brukt til skjøtsel.

Tilrettelegging

Vi held fram med det store arbeidet med vedlikehald av trekloppane som tidlegare er lagt ut. Dette er omfattande og kostbart arbeid. Både fordi det er arbeidskrevjande og fordi kostnadane på arbeid og material har auka ein del siste åra. Det avsette budsjettet til dette arbeidet sprakk derfor ganske mykje, og vi måtte hente frå andre postar.

Det har vore jobba mykje med buføringsvegar eller driftevegar der storfe vert drive inn til beiteområde i verneområdet, både i Traudalen og i Breidalen. Arbeidet har vore i samarbeid med grunneigarar/beitebrukarar, der fleire har bidrege med arbeid og finansiering.

Midtre Nordfjord turlag har merka opp att ruta frå Traudalen gjennom Klype til Gjengedalsstøylen. Rygg og Grov sameige har lagt kloppar i dei våtaste partia i starten av den merka stien til Traudalsnibba.

Vi har sett opp ny utedo ved Nesstøylen/Kandalsstøylen. Den gamle som stod der var i ferd med å falle saman. Vi har ny montert ein ny solid utedo, med ei enkel bido-løysing som krev lite oppfølging.

Informasjon

Vi har ikkje hatt informasjonstiltak i 2025

Driftsstøtte til infrastruktur

I 2024 fekk vi ei ny tildeling av midlar. Naustdal-Gjengedal LVO fekk 50.000 kr i driftsstøtte som kunne nyttast til vedlikehald og drift av infrastruktur. Ordninga og summen er vidareført i 2025. Midlane er nytta til støtte til drift av toalett for ålmenta (inntil 5000 kr kvar til 4 toalett) og 24.000 til vedlikehald av kloppar. Desse summane kjem i tillegg til dei 766.000 som er brukt til dei planlagde tiltaka.

5. Rådgjevande utval

Vi har eit breidd samansett Rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Utvalet er samansett av ulike brukarinteresser og er rådgjevande overfor verneområdestyret. Rådgjevande utval er samansett slik:

- Indre Sunnfjord turlag
- Midtre Nordfjord turlag
- Førdefjella villreinutval
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane
- Sunnfjord utvikling
- Visit Nordfjord
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane
- Nordfjord folkehøgskule
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øvre Naustdal Utmarkslag
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem / Nils Magne Gjengedal
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Rådgjevande utval har hatt eitt møte i 2025. Det var 23.september på Skei. Der deltok fem av medlemmane i utvalet i tillegg til verneområdestyret, naturoppsyn og forvaltar.

6. Administrativt kontaktutval

I 2021 vart det oppretta eit felles Administrativt kontaktutval for Ålfotbreen LVO og Naustdal-Gjengedal LVO. Utvalet er samansett av administrativt tilsette i dei kommunane og fylkeskommunen som har areal i verneområda. I utvalet diskuterer vi saker og tema som går på tvers av kommunegrensene og har felles interesse. I tillegg jobbar vi for å få til ei mest mogeleg lik og føreseieleg forvaltning i og rundt landskapsvernområdet, uavhengig av kva kommune det er snakk om.

Utvalet er samansett slik:

- Lindis Bergland Østgård – Gloppen kommune
- Anders Espeset – Kinn kommune
- Bjørn Henry Marthinussen – Bremanger kommune
- Solfrid Trå – Sunnfjord kommune
- Birgit Tansøy – Vestland fylkeskommune

Administrativt kontaktutval hadde kombinert møte og synfaring 26.august. Turen gjekk til Hyen og Gjengedalen.

7. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik. Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i Kraftbygget i Sandane sentrum (Sørstrandsvegen 9, andre etasje).

Naturoppsyn for Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen er Rune Holen. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak. Samarbeidet med SNO er særst godt! I tillegg til Rune vert det leigd inn andre ressursar ved behov.

Forvaltningsknutepunktet på Sandane har i 2025 vore kontorplass for verneområdeforvaltaren og nasjonalparkforvaltar Tor Arne Hauge i Jostedalsbreen. Vi har eit særst godt og triveleg miljø der, både fagleg og sosialt. Statens naturoppsyn har ikkje lenger kontorplass på Sandane, men kjem likevel til knutepunktet ved behov.

Forvaltaren er tilsett hjå Statsforvaltaren i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Statsforvaltaren har ikkje fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har ei rolle i oppfølging av forvaltar og ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar er dessutan del av eit særst godt fagmiljø hjå Statsforvaltaren, saman med dei andre forvaltarane som er tilknytt Statsforvaltaren i Vestland og dei andre fagpersonane.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på:

- Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar i Trondheim 8.-10.april
- Stiskulen – kurs i bygging og vedlikehald av turstiar på Sandane 10.-13.juni

Føredrag

- Føredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 13.februar

Møteverksemd

- Avdelings- og seksjonsmøte, samlingar og andre interne møter hjå Statsforvaltaren
- Samlingar med dei andre forvaltarane tilknytt Statsforvaltaren i Vestland
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Statsforvaltaren i Vestland
- Uformelle møte med grunneigarar, næringsliv og andre aktørar

I tillegg til arbeidsoppgåvene som ligg til stillinga som verneområdeforvaltar, utfører forvaltaren ein del oppgåver for Statsforvaltaren, særleg innan forvaltninga av villrein. Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på nokre synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming. I 2025 har dessutan forvaltar vikariert ein del i Nærøfjorden landskapsvernområde grunna sjukmelding og permisjon hjå andre forvaltarar.

8. Bilete frå 2025



Bilete 1. Kulturlandskapet inst i Myklandsdalen i Gloppen. Foto: Per Kandal



Bilete 2. Frå stikurs på Sandane. Bruk av ulike teknikkar. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Stien til Arnestadstøylen, her er behov for slått av vegetasjon.
Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Manuell utbetring av drifteveg i Traudalen. Vassrenne og steinklopp. Egil Ravnstad frå Bygdeservice og Rune Holen frå SNO. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 5. Naustdal-Gjengedal verneområdestyre ved Stegsvatnet på veg til Longevasshytta. F.v. Erlend Haugen Herstad, Tommy Sævareid og Karoline Bjerkeset. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6. Longevasshytta i haustsol. Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 7. Adminsitrativt kontaktutval på tur i Gjengedalen, inspiserer vedlikeholdte kloppar. Foto: Alf Erik Røyrvik.



Bilete 8. Magnar Mardal frå Bygdeservice AS syner fram den nye utedoen på Nes-/Kandalsstøylen. Foto: Ole Gimmestad